

SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok. 26/00532-1
Saksbehandler Hilde Stuestøl Berg

Lokal forskrift om slamhandsaming og tømning av slamanlegg i Åseral kommune

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Hovudutval for drift og utvikling	26.08.2026	35/26

Hovudutval for drift og utvikling har behandlet saken i møte 26.08.2026 sak 35/26**Møtebehandling**

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteke.

Hovudutval for drift og utviklings vedtak

Jf. forvaltningslova § 37 vedtek Åseral kommune å legge forslag til «Forskrift om slamhandsaming og tømning av slamanlegg i Åseral kommune» ut til offentlig ettersyn.

Frist for innspel er 15.10.2026.

Lokal forskrift om slamhandsaming og tømming av slamanlegg i Åseral kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

Jf. forvaltningslova § 37 vedtek Åseral kommune å legge forslag til «Forskrift om slamhandsaming og tømming av slamanlegg i Åseral kommune» ut til offentlig ettersyn.

Frist for innspel er 15.10.2026.

Vedlegg

Bakgrunn

Åseral kommune har etter forureiningslova ansvar for å sikre ei forsvarleg innsamling, transport og handsaming av slam frå mindre avløpsanlegg. For å få på plass eit oppdatert og tydeleg lokalt regelverk er det utarbeidd framlegg til ny forskrift om slamhandsaming og tømming av slamanlegg i kommunen. Forskrifta er i stor grad ein formaliseringa av ordninga slik den fungerer i dag

Forskrifta skal regulere den kommunale slamtømmeordninga og klargjere ansvar, rettar og plikter for abonnentar, Hægebostad og Åseral Renovasjonsselskap IKS (HÅR IKS) og kommunen som lokal forureiningsstyresmakt.

Før forskrifta kan vedtakast skal framlegget sendast på høyring og leggjast ut til offentlig ettersyn i samsvar med forvaltningslova § 37.

Hovudinnhald i forskrifta

Forskrifta omfattar alle eigedomar i Åseral kommune med slamanlegg som er omfatta av kommunen si slamtømmeplikt etter forureiningslova.

Forskrifta inneheld mellom anna føresegner om:

- pliktig deltaking i den kommunale slamtømmeordninga
- ordinær tømmefrekvens for bustader, fritidsbustader, tette tankar og minireinseanlegg
- ordningar for bestilt og pålagt ekstratømming
- høve til å søkje fritak når anlegg ikkje er i bruk
- kommunen, HÅR IKS og abonnenten sine plikter

Forskrifta legg òg til rette for at kommunen kan tilpasse tømmefrekvens og tømmeløysingar der lokale forhold gjer dette naudsynt.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at framlegget til forskrift vil bidra til ei meir føreseieleg og effektiv forvaltning av slamtømmeordninga i Åseral kommune.

Forskrifta klargjer ansvarstilhøva mellom kommunen, HÅR IKS og abonnentane, samstundes som ho gjev nødvendige heimlar for oppfølging av avløpsanlegg som kan medføre fare for forureining. Forskrifta er i stor grad ein formaliseringa av ordninga slik den fungerer i dag.

Administrasjonen har samarbeida med HÅR IKS i utforminga av forskrifta.

Kommunedirektøren meiner at forskriftsframlegget er tilstrekkeleg utgreidd til å sendast på høyring.

Konklusjon

Kommunedirektøren vurderer at framlegget til lokal forskrift om slamhandsaming og tømning av slamanlegg gir eit godt grunnlag for framtidig forvaltning av slamtømmeordninga i Åseral kommune. Forskrifta bør derfor leggjast ut til offentleg ettersyn og sendast på høyring før endeleg vedtak.

RETT UTSKRIFT

DATO 31.august.2026